



Møteprotokoll for Formannskapet

Møtedato: 18.05.2016
Møtestad: Formannskapssalen
Møtetid: 09:00 - 13:00

Møtet vart styrt av ordførar Øyvind H. Oddekalv.

Medlemmene var innkalla i skriv dat. 10.05.16 og møtet var kunngjort i pressa 15.04.16 og 10.05.16.

I starten av møtet orienterte dagleg leiar Børge Brundtland om arbeidet til og planane vidare for, industriinkubatoren Industriutvikling Vest AS.

Formannskapet hadde pause frå kl. 11:00 - 11:05 og frå kl. 11:30 - 11:50.

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Øyvind Oddekalv	AP	Ordførar
Nils Marton Aadland	H	Varaordførar
Sigmund Larsen	FrP	Medlem
Per Kristian Holmetun	SP	Medlem
Marit Samnøy Jøssang	KRF	Medlem
Silje Ingelin Sæterstøl	V	Medlem
Tormod Skurtveit	AP	Varamedlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Anne Grete Eide	AP

Desse møtte frå administrasjonen: Rådmann Ingvild Hjelmtveit og sektorsjef teknisk Anny Bastesen. Kommuneplanleggar Kristin Nåmdal møtte til sak 52.

19. mai 2016

Øyvind H. Oddekalv
ordførar

Randi Hilland
konsulent

Sakliste

Saknr	Tittel
42/2016	Godkjenning av innkalling og sakliste
43/2016	Godkjenning av møtebok
44/2016	Referatsaker
45/2016	Aktuelle saker
46/2016	Orientering av rådmannen
47/2016	Orientering om status kommunestruktur
48/2016	Økonomisk rapportering 2016
49/2016	Investeringsmidlar kommunale bustader 2016
50/2016	Budsjettendring, auka kostnader ved omlegging av leidningsnettet på Moldekleiv
51/2016	Søknad om tilskot til sikring av fjellskrent
52/2016	Faktagrunnlag til utarbeiding av planstrategi for Meland kommunel
53/2016	Tariffesvisjonen per 01.05.16 - uravrøysting

42/2016: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

"Innkalling og sakliste vert godkjent."

18.05.2016 FORMANNSKAPET

Ordfører opplyste at det er sendt ut ei ekstrasak, og bad om at den vert handsama i møtet.

FS - 42/2016 VEDTAK:

"Innkalling og sakliste med 1 tilleggssak vert godkjent."

43/2016: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok vert godkjent.

18.05.2016 FORMANNSKAPET

Marit Jøssang kom med følgjande protokollmerknad:

I sak "orientering om kommunestruktur" skal siste setning i 1. kulepunkt strykast. (Dei 4 hovudutvala bør ha 7 representantar).

Feilen vil bli retta i møtebok.

FS - 43/2016 VEDTAK:

"Møtebok frå møte 20.04.16 vert godkjent med ovannemnde protokollmerknad."

44/2016: Referatsaker

Rådmannen sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering.

18.05.2016 FORMANNSKAPET

Det ligg føre søknad frå Kirkens SOS om driftsstøtte for 2016.

Marit Jøssang, KrF kom med framlegg om å vidareføre støtta til Kirkens SOS.

Framlegg til vedtak:

"Meland kommune løyver kr 8 000,- til Kirkens SOS i Bjørgvin som driftsstøtte for 2016. Kostnaden vert å dekkja frå konto 11410 101 1000 (gåver, representasjon)."

Dette framlegget vart samrøystes vedteke.**FS - 44/2016 VEDTAK:**

"Meland kommune løyver kr 8 000,- til Kirkens SOS i Bjørgvin som driftsstøtte for 2016. Kostnaden vert å dekkja frå konto 11410 101 1000 (gåver, representasjon)."

45/2016: Aktuelle saker**Rådmannen sitt framlegg:****18.05.2016 FORMANNSKAPET**

Følgjande saker vart tekne opp:

Per Kristian Holmetun:

- Kva kan vi gjere for å få fortgang i utbygging av undergang fylkesvegen på Holme?
Anny Bastesen orienterte om status.

Viktig å vere tydeleg på å få på plass trafikkisikring så snart som mogleg.

Marit Jøssang:

Vanskeleg å finne oversikt over kommunestyrerepresentantane på heimesida.
Svar: Oversikt over representantane finne ein under Politikk - kommunestyret - møteplan.

Nils Marton Aadland:

Bergen kommune har bestemt å gå ut av Business Region Bergen (BRB).
Kva konsekvensar får det for andre kommunar?
Ordførar orienterte - skal ha møte i juni.
Formannskapet ønskjer tilbakemelding frå møtet.

Kopi av brev frå ordførar i Tynset til finansdepartementet om strukturendring av skatteetaten vart delt ut i møtet.

Formannskapet stiller seg bak oppropet.

FS - 45/2016 VEDTAK:

"Formannskapet tek orienteringane til vitande."

46/2016: Orientering av rådmannen

Rådmannen sitt framlegg:

18.05.2016 FORMANNSKAPET

Det vart orientert om følgjande:

- Arbeid med tilsetjing av næringsrådgjevar er i god prosess og tilsetjing vert 26. mai.
- Oppfølgingsmøte med BOH. Selskapet skal oppløysast og nytt selskap skal opprettast. Målet er at også Lindås og Fjell kommune vert med.
- T.A.M. (trygghet, ansvar og mestring) -ungdomsprosjekt med støtte frå Gjensidige-stiftelesen. Har signalisert at kommunen er interessert. Prøve å få til prosjektet saman med Radøy og Lindås.
- På rådmannsmøte var streaming av kommunestyremøta opp som sak - Lindås og Radøy er foreløpig avventande.
- Ordførar vert beden om å opplyse på neste kommunestyremøte at film- og lydopptak må godkjennast av ordførar (møteleiar).
- Meland kommune har fått prosjektmidlar frå fylkesmannen til:
 - Utviklingsakse Flatøy-Knarvik
 - Bevaring av matjord
 - Etablering av brann og redning
 - Midllar til helsehuset
- Status helsehus - framdrift
Representantskapet skal ha møte 29. mai.
Utfordring med å få det tilpassa Knarvikplanen
Invitere styreleiar til neste formannskapsmøte
- Ordførar vert beden om å undersøkje korleis Radøy og Austrheim har fått finansiert fiber til heile kommunen

FS - 46/2016 VEDTAK:

"Formannskapet tek orienteringane til vitande."

47/2016: Orientering om status kommunestruktur

Rådmannen sitt framlegg:

18.05.2016 FORMANNSKAPET

Anita Dale frå Fagforbundet tok del ved handsaming av saka.

Rådmann orienterte:

- Meland taper kr 1 006 per innbyggjar, ca 7,8 mill. kr per år i ein 5-års periode, dersom Meland fortset som eigen kommune.
- Meland taper 4 mill kr. i veksttilskot uansett kommunestruktur pga lavare vekst i folketal enn det som har vore dei siste åra.

FS - 47/2016 VEDTAK:

"Formannskapet tek orienteringane til vitande."

48/2016: Økonomisk rapportering 2016

Rådmannen sitt framlegg:

«Formannskapet tek økonomisk rapportering for april 2016 til vitande

18.05.2016 FORMANNSKAPET

FS - 48/2016 VEDTAK:

"Formannskapet tek økonomisk rapportering for april 2016 til vitande."

49/2016: Investeringsmidlar kommunale bustader 2016

Rådmannen sitt framlegg:

«Formannskapet tar saka til orientering. Avsette midlar i investeringsbudsjettet for 2016 kan nyttast til kjøp av bustader. Administrasjonen kjem tilbake med ei bustadmelding for den kommunale bustadpolitikken, for behandling i samband med årsbudsjettet for 2017.»

18.05.2016 FORMANNSKAPET

Avrøysting:

Framlegg til vedtak fekk 6 røyster for, (AP, H, KrF, SP, V), 1 røyst mot, (FrP), og er såleis vedteke.

FS - 49/2016 VEDTAK:

«Formannskapet tar saka til orientering. Avsette midlar i investeringsbudsjettet for 2016 kan nyttast til kjøp av bustader. Administrasjonen kjem tilbake med ei bustadmelding for den kommunale bustadpolitikken, for behandling i samband med årsbudsjettet for 2017.»

50/2016: Budsjettendring, auka kostnader ved omlegging av leidningsnett på Moldekleiv

Rådmannen sitt framlegg:

«Kommunestyret auker brutto investeringsramme for 2016 med kr 180 000,- Summen vert finansiert med bruk av unytta lånemidlar for 2015, tilsvarande kr 180 000.»

18.05.2016 FORMANNSKAPET

FS - 50/2016 VEDTAK:

«Kommunestyret auker brutto investeringsramme for 2016 med kr 180 000,- Summen vert finansiert med bruk av unytta lånemidlar for 2015, tilsvarande kr 180 000.»

51/2016: Søknad om tilskot til sikring av fjellskrent

Rådmannen sitt framlegg:

«Kommunestyret i Meland avslår søknad om økonomisk stønad til fjellsikringsarbeid Frekhaugmarka vel har gjennomført.»

18.05.2016 FORMANNSKAPET

Tilleggsframlegg frå Nils Marton Aadland, H:

"Frekhaugmarka Vel blir oppmoda til å gå i dialog med grunneigar for å finna ei løysing på saka."

Avrøysting:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Tilleggsframlegg frå Nils Marton Aadland vart samrøystes vedteke.

FS - 51/2016 VEDTAK:

"Kommunestyret i Meland avslår søknad om økonomisk stønad til fjellsikringsarbeid Frekhaugmarka vel har gjennomført.

Frekhaugmarka Vel blir oppmoda til å gå i dialog med grunneigar for å finna ei løysing på saka."

52/2016: Faktagrunnlag til utarbeiding av planstrategi for Meland kommunel

Rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet drøftar faktagrunnlaget – Utfordring og utviklingsretning for Meland kommune. Administrasjon tek aktuelle innspel med i det vidare arbeidet med planstrategi for Meland kommune.

18.05.2016 FORMANNSKAPET

Sigmund Larsen bad formannskapet vurdere hans habilitet ved handsaming av saka, då han vart erklært inhabil ved handsaming av sak om kommuneplan - arealdel.

Sigmund Larsen gjekk frå ved handsaming av hans habilitet.

Det vart røysta over habiliteten til Sigmund Larsen.

Avrøysting:

Sigmund Larsen vart samrøystes erklært habil.

Deretter tok Sigmund Larsen sete.

FS - 52/2016 VEDTAK:

"Formannskapet drøftar faktagrunnlaget – Utfordring og utviklingsretning for Meland kommune. Administrasjon tek aktuelle innspel med i det vidare arbeidet med planstrategi for Meland kommune."

53/2016: Tariffrevisjonen per 01.05.16 - uravrøysting

Rådmannen sitt framlegg:

«Meland kommune røystar JA ved uravrøystinga om tariffrevisjonen per 01.05.16»

18.05.2016 FORMANNSKAPET

FS - 53/2016 VEDTAK:

«Meland kommune røystar JA ved uravrøystinga om tariffrevisjonen per 01.05.16.»
